



Forskingsmelding 2022

Lagt fram for Forskingsutvalet 2. juni 2023 og Høgskulestyret 15. juni 2023.

Volda, 29. mai 2023

Henriette Hafsaas, forskingssjef

Innhald

Om meldinga: Føremål og kjelder	3
1. Måloppnåing og resultat	4
1.1 Måloppnåing på styringsparametranne for forskning	5
1.2. Resultat på nøkkeltal for forskning	5
2. Forskingsstrategi	6
2.1 Arbeid med tiltak i handlingsplanen	6
3. Forskarutdanning	7
3.1. Årsverk i stipendiatstillingar	7
3.2. Finansiering av forskarutdanning	8
3.3. Avlagte doktorgradar	8
3.4. Doktorgradsprogrammet i helse- og sosialfag	9
3.5. Gjennomføringsgrad i forskarutdanninga	9
3.6. Avhandlingsforum	9
3.7. Forskarskular	10
3.8. Ressursar til stipendiatar	10
4. Publisering og formidling	11
4.1. Vitskapleg publisering	11
4.2. Publisering i tidsskrift, antologiar og bøker	12
4.3. Internasjonal publisering	13
4.4. Formidling og interne publiseringspoeng	14
5. Bidrags- og oppdragsfinansiert forskning	15
5.1 Noregs forskingsråd	15
5.2 EU-midlar	15
6. Kompetanseprofil	17
6.1 Fagleg kompetanse	17
6.2 Kjønnfordeling	18
6.3 Aldersfordeling	18
6.3 Kompetanseopptrykk i 2022	18
Vedlegg 1: Formidlingsresultat på avdelingsnivå 2022	20
Vedlegg 2: Forskingsgrupper som fekk støtte i 2022	22

Bilde på framsida:

Øvst: Dei tilsette som publiserte mest vitskapleg i 2022. Frå venstre Ådne Meling, Jan Ove Ulstein og Siv Måseidvåg Gamlem. Foto: Lene Mo Flataker.

Midten: Tilsette som publiserte vitskapleg for første gong i 2022. Frå venstre Kari Leikanger Buset, Hilde Gry Leer-Salvesen, Julia Melnikova, Anders Aanes, Liv Astrid Skåre Langnes og Liv Kristin Bjørlykke Øvereng. Sju tilsette var ikkje til stades då bildet vart tatt (sjå bildet på baksida). Foto: Lene Mo Flataker.

Nedst: Kvinnelege toppkompetente i 2022. Frå venstre: Professor Ellen Lexerød Hovlid, professor Marie Nedregotten Sørbo, professor Wenke Mork Rogne, professor Siv Måseidvåg Gamlem, professor Inger Marie Okkenhaug, professor Nathalie Homlong, dosent Birgitte Fondevik, professor Helga Synnevåg Løvoll, professor Wenche Torrissen. Foto: Per Straume.

Framsida: Lene Mo Flataker.

Om meldinga: Føremål og kjelder

Styret ved Høgskulen i Volda (HVO) har sidan 2010 fått framlagt årlege forskingsmeldingar for å kunne vurdere status og utvikling i høgskulens forskingsverksemd.¹ Sidan 2017 har Forskingsmeldinga tatt utgangspunkt i Kunnskapsdepartementet (KD) sin *Tilstandsrapport for høgare utdanning* og legg vekt på dei nasjonale styringsparametrane.² Forskingsmeldinga for 2022 utgjer status pr. 31. desember 2022, men i somme høve er utviklinga i 2023 også omtala.

Meldinga er organisert i seks kapittel:

1. Måloppnåing og resultat
2. Forskingsstrategi
3. Doktorgradsuttanning
4. Publisering og formidling
5. Bidrags- og oppdragsfinansiert forskning
6. Kompetanseprofil

Tre eksterne datakjelder har vorte nytta i arbeidet med Forskingsmeldinga:

- **Tilstandsrapporten for høgare utdanning (2023)** skildrar tilstanden i universitets- og høgskulesektoren (UH) og viser utviklinga over tid. Når denne kjelda er nytta er det merka med «TR 2023».
- **Database for statistikk om høgare utdanning (DBH)** inkluderer statistikk om mellom anna stillingskategoriar, årsverk og alder på vitenskapleg tilsette. Denne kjelda er markert med «DBH».³ Statistikk om tilsette er personalsituasjonen pr. 1. oktober det enkelte år.
- **Cristin** er eit forskingsinformasjonssystem der vitenskaplege publiseringar og annan forskings- og utviklingsaktivitet vert registrert.⁴ Cristinregistreringane utgjer grunnlaget for statistikk om publisering i DBH og for utrekning av interne formidlingspoeng ved HVO.

Interne dokument nytta i arbeidet er:

- Strategiplan for Høgskulen i Volda 2022-2025. (Vedtatt 9. desember 2021).⁵
- Etatstyringsmøte 2022.⁶

HVO er éin av fem statlege høgskular etter fusjonane i UH-sektoren: Høgskolen i Innlandet (HINN), Høgskolen i Østfold (HiØ), Høgskulen i Volda (HVO), Høgskulen på Vestlandet (HVL) og Samisk høgskole (SH). Høgskulen på Innlandet og Høgskulen på Vestlandet har ambisjonar om å verte universitet.

¹ <https://www.hivolda.no/forskning/forskingsmelding>

² <https://hkdir.no/rapportar/tilstandsrapport-for-hoeyere-utdanning-2023>

³ <https://dbh.hkdir.no/>

⁴ <https://www.cristin.no/>

I fleire statistikkar i denne meldinga er Høgskolen i Molde (HiM), som også er lokalisert i Møre og Romsdal, tatt med i samanlikningane, sjølv om det er ein vitenskapleg høgskule. Samisk høgskole er tilsvarande ikkje med i samanlikningane sidan det er ein liten og spesialisert høgskule. I tillegg har VID vorte inkludert sidan fagprofilen er ganske like HVO, sjølv om det er ein privat vitenskapleg høgskule.

⁵ <https://www.hivolda.no/sites/default/files/documents/strategiplan2022final.pdf>

⁶ <https://www.hivolda.no/sites/default/files/documents/tilbakemelding-etter-etatsstyringsmote-2022.PDF>


1. Måloppnåing og resultat

Forskingmeldinga for 2022 viser at Høgskulen i Volda gjer det betre på viktige indikatorar som inntekter frå Forskingrådet og kvinner i professor- og dosentstillingar. Likevel avdekkjer Forskingmeldinga at HVO framleis må auke volumet og heve kvaliteten i forkinga for å:

- nå ambisjonane våre,
- betre resultatata på forskingsindikatorar som forventa av Kunnskapsdepartementet,

- hevde oss blant dei andre høgskulane.

Både Kunnskapsdepartementet (KD) og Høgskulen i Volda (HVO) har fastsett styringsparametrar for forking. I tillegg til styringsparametrane har KD også andre nøkkeltal for styring av UH-sektoren. Somme av desse indikatorane vert vektta i ei sol. **Figur 1** viser denne sola for HVO.⁷ HVO sola viser at vi har eit stort studietilbod i forhold til talet på studentar og tilsette, og vi skårar best på studentproduksjon. Vektinga viser at HVO har lågare måloppnåing på forskingsindikatorane. I sum viser sola at HVO er ein undervisningstung institusjon.



Figur 1: Nøkkeltala for HVO framstilt i ei sol der resultatata på dei ulike indikatorane er vekta. Kjelde: Nøkkeltall for universiteter og statlige høyskoler 2023, s. 128.

⁷ Nøkkeltall for universiteter og statlige høyskoler 2023: https://dbh.hkdir.no/static/files/esdata/2023/nokkeltall_statlige_2023.pdf

1.1 Måloppnåing på styringsparametrane for forskning

I årsrapporten set HVO årlege ambisjonar for styringsparametrane som er set av KD og oss sjølve.

Tabell 1 syner at HVO har overgått ambisjonane på KD sine styringsparametrar for inntekter frå NFR pr. undervisnings-, forskings- og formidlingsårsverk (UFF) og del kvinner i professor- og dosentstillingar. Talet studiepoeng pr. UFF-årsverk har vorte redusert meir enn ambisjonen, og på sikt bør dette frigjere meir tid til forskning. Dei samanliknbare høgskulane har høgare produksjon av studiepoeng pr. vitskaplege årsverk enn HVO og likevel betre resultat på indikatorane for forskning. HVO sine styringsparameter om å sende fleire søknader til nasjonale og internasjonale finansieringskjelder har også hatt ei positiv utvikling i 2022.

Ein annan sentral styringsparameter for forskning frå KD er publiseringspoeng pr. UFF-årsverk. HVO har ein vidare nedgang i publiseringspoeng pr. fagleg tilsette frå 2021. Vi har også ein nedgang på HVO sine eigne styringsparameter om prosentdelen publiseringspoeng frå artiklar med internasjonalt samforfattarskap og tal kronikkar.

KD har også ein styringsparameter for gjennomføring av doktorgradsutdanningane. Relativt få stipendiatar ved HVO gir lite føreseieleg framdrift i doktorgradsprojekta, så HVO har ikkje talfesta ein ambisjon på gjennomstrøyminga. Naturlege svingingar gjer at HVO

Måleparameter		2022	Trend HVO	Ambisjon	Snitt andre
Kunnskapsdepartementet	Gjennomføring doktorgradsutd. %	17 %	↘	-	69,40 %
	Gjennomføring ph.d.-prog. m/HiM %	0 %	→	-	
	Publiseringspoeng pr. fagleg årsverk	0,43	↘	0,6	0,75
	Verdi av Horisont 2020 pr. FoU-årsverk	0	→	-	€ 1 643
	Bidraginntekter frå NFR pr. fagleg årsverk	19,55	↗	14	43
	Kvinner i dosent- og professorstillingar %	35,4 %	↗	33,0 %	49,8 %
Høgskulen i Volda	Tal studiepoeng pr. fagleg årsverk	583	↘	630	655
	Tal søknader til NFR og EU	8	↗	8	-
	Tal publiserte kronikkar	28	↘	35	-
	Del førstestillingar av faglege årsverk %	49 %	↘	55 %	60,90 %
	Del kvinner av tilsette med førstekom. %	43,9 %	↘	50,0 %	54,1 %
	Artiklar m/intern. samforfattarskap %	5,1 %	↘	20 %	48 %

Tabell 1: Måleparametrar frå KD og HVO. Resultat for HVO i 2022, trend frå året før, ambisjon for HVO i 2022 og snitt resultat for *samanliknbare* høgskular i 2022. Pil oppover viser til positiv utvikling, pil bortover syner ingen endring og pil nedover viser til negativ utvikling.


har ein nedgang i prosentdelen som disputerer i løpet av 6 år, og vi ligg under snittet for høgskular vi bør samanlikne oss med.

Det er urovekkande at HVO også har ei negativ utvikling på våre eigne styringsparametrar om prosentdelen førstestillingar av alle faglege årsverk og prosentdel kvinner av tilsette med førstekompetanse. Den svake utviklinga på styringsparametrane kan ha samanheng med at HVO har få tilsette i førstestillingar.

HVO gjer det dårlegare enn gjennomsnittet for samanliknbare høgskular på alle styringsparametrane.

1.2. Resultat på nøkkeltal for forskning

Figur 2 viser korleis HVO vert vektet på nøkkeltala for forskning samanlikna med andre tilsvarande høgskular.



Figur 2: Vekting av nøkkeltal for forskning for HVO og samanliknbare høgskular.

2. Forskingsstrategi

Frå 2022 har HVO hatt ein ny visjon og strategi:

Kompetanse for eit betre samfunn

- Vi skal vere ei drivkraft for utvikling av kunnskap, ferdigheiter og klokskap som bidreg til framsteg for individ og samfunn.
- Vi skal skape entusiasme for læring, stimulere til deltaking for ei berekraftig verd og bygge på samskaping mellom studentar, tilsette og arbeidslivet.

Satsingsområdet for forskning i perioden 2022-2025 er at «HVO skal ha forskingsmiljø som er leiande nasjonalt og hevdar seg internasjonalt». Ein rekke tiltak følger den reviderte handlingsplanen vedteke i Høgskulestyret 16.06.2022 (Figur 3).

2.1 Arbeid med tiltak i handlingsplanen

Forskingsutvalet og Forskingsadministrasjonen har starta arbeidet med gjennomføring av tiltaka i handlingsplanen. Ei ordning for støtte til lengre utanlandsopphald vart oppretta i 2022, og dei først tilsette er på utanlandsopphald i år. Vi arbeider med å vurdere støtteordningane for forskingsaktivitet i eit strategisk perspektiv, styrke og spisse dei interne ordningane og vidareutvikle rammer for første- og toppkompetanseløp.

HVO skal ha forskingsmiljø som er leiande nasjonalt og hevdar seg internasjonalt Vi vil prioritere:

a) utvalde forskingsmiljø som har potensial til å verte leiande nasjonalt og hevde seg internasjonalt, og som er strategisk viktige for høgskulen.

i. Styrke og spisse våre interne støtteordningar.

b) å etablere fleire forskingssamarbeid med andre institusjonar nasjonalt og internasjonalt.

i. Legge til rette for at våre tilsette kan ha utanlandsopphald og for å ta i mot gjesteforskarar

ii. Rekruttere nasjonale og internasjonale II-arar.

iii. Tildeling av midlar til forskingsgruppene bør fremje internasjonale samarbeid.

c) å arbeide for ein sterk kultur for forskning og utviklingsarbeid gjennom kompetansebygging, mentorering og kvalitetsorientering.

i. Arbeide for ein sterk kultur for både forskning, kunstnarleg og anna utviklingsarbeid med vekt på samarbeid og deling på tvers av fagmiljøa.

ii. Vurdere støtteordningane for forskingsaktivitet i eit strategisk perspektiv.

iii. Utvikle forskingsgruppene for å styrke dei som ein arena for samarbeid, publisering og formidling.

iv. Vidareutvikle rammer for første- og toppkompetanseløp gjennom rettleiing og tilrettelegging.

Figur 3: Satsingsområdet for forskning i ny strategiplan med tiltak frå handlingsplanen.

3. Forskarutdanning

Forskarutdanning er eit sentralt verkemiddel for kompetansebygging ved Høgskulen i Volda og i regionen vår. HVO har den lågaste delen førstekompetente i den statlege delen av UH-sektoren (TR 2023: [V4.15](#)), og Møre og Romsdal er mellom dei fylka der prosentdelen av befolkninga med doktorgrad er lågast. I sum er stipendiatstillingar den mest verdifulle forskingsressursen som ligg til fellesnivået ved HVO.

3.1. Årsverk i stipendiatstillingar

I 2022 utførte stipendiatane 40 årsverk ved HVO. Det utgjør ein markant auke frå 28 årsverk i 2021. I tillegg kjem sju tilsette som jobbar mot ph.d.-graden i eit internt 50/50-løp over fem år. Fjoråret er det året der HVO har hatt flest stipendiatar i arbeid (DBH). **Tabell 2** viser talet på årsverk utført av stipendiatar ved HVO og samanliknbare høgskular i eit 5-årig perspektiv.

Inst.	2018	2019	2020	2021	2022	Gj.
HVL	134	132	140	155	160	144
HINN	92	92	98	99	131	103
VID	38	43	47	51	41	44
HiØ	19	23	29	37	45	30
HVO	25	24	17	28	40	27
HiM	22	23	25	28	30	26

Tabell 2: Årsverk utført av stipendiatar ved samanliknbare høgskular siste 5 år og gjennomsnittet av talet på årsverk (DBH).

Samanlikna med andre høgskular syner **tabell 3** at HVO over tid har hatt færre rekrutteringsstillingar pr. undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling. Den låge prosentdelen ved HVO har også samanheng med få

eksterne prosjekt. Veksten i stipendiatårsverk dei siste to åra er vurdert som naudsynt for å oppretthalde og

Inst.	2018	2019	2020	2021	2022	Gj.
HiM	18	17	18	17	18	17
HINN	15	15	15	14	18	15
VID	14	15	17	17	13	15
HVL	12	12	12	14	14	13
HVO	10	10	7	11	15	11
HiØ	5	6	7	9	10	8

Tabell 3: Prosentdel årsverk i rekrutteringsstillingar av undervisnings-, forskings-, og formidlingsstillingar (DBH).

auke nivået på tilsette med førstekompetanse.

Auken i stipendiatårsverk ved HVO i 2022 er eit resultat av ei satsing med utlysing av mange stipendiatstillingar i åra 2019 til 2021 (**Tabell 4**). Bakgrunnen for satsinga var avsetningar på stipendiatkontoen på grunn av manglande utlysingar og tilsettingar, tidkrevjande tilsettingsprosessar, uttak av lovfesta permisjonar, langvarige sjukemeldingar og ekstra koronamidlar til stipendiatstillingar. I 2022 har det berre vore utlyst to stipendiatstillingar på doktorgradsprogrammet med Høgskolen i Molde og éin stipendiatstilling finansiert av Møre og Romsdal fylkeskommune. **Tabell 1** ovanfor viser at satsinga er viktig med tanke på rekruttering av fagtilsette med førstekompetanse sidan under halvparten av dei tilsette i vitskaplege stillingar har førstekompetanse ved HVO i 2022.

På høgskulens nettsider er det eit oversyn over alle som arbeider med doktorgradsprosjekt ved HVO. I skrivande stund er det 61 namn på lista. Av desse er 52 stipendiatar eller tidlegare stipendiatar som ikkje har disputert. Ni er tilsette i doktorgradsløp i den femårige

Årstal →	2017		2018		2019		2020		2021		2022		Totalt	
	Utlyst	Tilsett	Utlyst	Tilsett	Utlyst	Tilsett	Utlyst	Tilsett	Utlyst	Tilsett	Utlyst	Tilsett	Utlyst	Tilsett
Ordinære utlysingar FU sak 9/17 ↓	3	2	3	2	3	2	3	2	2	2	2	2	16	12
Profesjonsutøving: vilkår og utvikling	2	2	2	1	2	2	2	2	5	5			13	12
Lærarutdanning	1	0			1	0							2	0
Nynorsk	1	1			1	1							2	2
Samfunnsplanlegging og leining	1	2			2 tilsett i 2017				3	3			4	5
Mediefag (AMF)														
Andre fag														
Kulturformidling														
Kulturfag (AKF)														
Opne stipendiatstillingar 2019					4	3							4	3
Nynorsksenteret									1	1			1	1
NFR-prosjektet Manreport (9/21)									2	2			2	2
Totalt utlyst og tilsett ordinære →	8	7	7	5	11	8	6	5	16	15	2	2	50	42
Eksternt finansert ↓														
Møre og Romsdal fylke	1	1									1	1	2	2
NFR-prosjektet DigiHand			1	1									1	1
6 "korona"-stipendiat 2020 ↓														
Lærarutdanning							3	3					3	3
Animasjon (35/20)							1	2					1	2
Planlegging (37/20)							1	1					1	1
Helse- og sosialfag (38/20)							1	0					1	0
Totalt utlyst og tilsett →	9	8	8	6	11	8	12	11	16	15	3	3	59	51

Tabell 4: Oversikt over utlyste stipendiatstillingar etter planar vedteke i Forskningsutvalet, eksternt finanserte stipendiatstillingar og mellombelse stipendiatstillingar på grunn av korona, samt tilsettingar som følgje av utlysingane for åra 2017-2022.

ordninga.⁸ To av desse er ferdige med dei 5 åra i 50/50-ordninga, men har ikkje disputert enno.

I 2022 var gjennomsnittsalderen 40 år på stipendiatane ved HVO. Gjennomsnittsalderen nasjonalt var 33 år (DBH). 65 prosent av stipendiatårsverka ved HVO vart utført av kvinner i 2022. Nasjonalt var 54 prosent av stipendiatårsverka utført av kvinner.

3.2. Finansiering av forskarutdanning

Kunnskapsdepartementet ga øymerka finansiering til 22 stipendiatheimlar ved HVO i 2022. HVO satsar friskt på stipendiatar utover dette med midlar frå løyvinga. Talet på stipendiatar i arbeid er dessutan høgare enn talet på heimlar sidan fleire stipendiatar har fireårige stipend som inkluderer pliktarbeid, lovfesta permisjonar vert tatt ut og nokre stipendiatar har langtidsfråvær på grunn av sjukdom. Dei siste åra har HVO hatt to eksternt finansierte stipendiatstillingar frå høvesvis Forskingrådet og Møre og Romsdal fylkeskommune (Tabell 5). Det er potensiale for å auke den eksterne finansieringa av stipendiatstillingane.

I 2022 vart det budsjettert med 34,6 millionar kroner til stipendiatar der 24,6 millionar kroner var øymerka frå KD. Stipendiatane sine lønsmidlar utgjorde 20,9 millionar kroner der 1,8 millionar kroner vart drege inn ved årsslutt, og driftsmidlane utgjorde 1,9 millionar kroner. Fellesnivået og avdelingane fekk overført høvesvis 9,2 millionar og 2,6 millionar kroner til infrastruktur.

Stipendiatstillingane er ulikt fordelt på avdelingane. ASH har flest stipendiatar i arbeid med totalt 72 årsverk i perioden 2016 til 2022, og dei fleste har gått på samarbeidsgraden vi har med HiM. Deretter følger AHL med 63 årsverk, AMF med 25 årsverk og AKF med 17 årsverk.

3.3. Avlagte doktorgradar

I 2022 fullførte fem tilsette ved HVO ei forskarutdanning. Det er gledeleg at fire av dei disputerte på doktorgradsprogrammet vi har saman med Høgskolen i Molde (Figur 3), og to av dei fullførte på under 6 år. I tillegg var det éin disputas der HVO har vore arbeidsgivar, men der stipendiaten har gått på eit doktorgradsprogram ved ein annan institusjon (Figur 4).

Det er positivt med fem disputasar der HVO har vore arbeidsgivar for doktorandane for andre år på rad, men vi har enno ikkje gått forbi toppåret 2013 med sju disputasar (Tabell 6).


År	2016			2017			2018			2019			2020			2021			2022		
	Avd.	Grunn	M&R	NFR	Grunn	M&R	NFR	Grunn	M&R	NFR	Grunn	M&R	NFR	Grunn	M&R	NFR	Grunn	M&R	NFR		
ASH	9	0	0	7	1	0	10	1	0	9	1	0	7	1	0	10	1	0	16	0	0
AHL	6	0	0	8	0	0	6	0	1	8	0	1	6	0	1	11	0	0	15	0	1
AKF	2	0	0	3	0	0	3	0	0	2	0	0	2	0	0	3	0	0	2	0	0
AMF	4	0	0	3	0	0	4	0	0	4	0	0	1	0	0	3	0	0	6	0	0
Sum		21			21			25			24			17			28			40	

Tabell 5: Stipendiatårsverk fordelt på avdeling og finansieringskjelde i perioden 2016-2022. Data: DBH nøkkeltal.

Forholdet mellom gjennomsnittet på stipendiatårsverk og disputasar dei siste fem åra viser at berre Høgskulen i Innlandet som kjem betre ut enn HVO. Det er likevel ønskeleg å få talet under 6.

Inst.	2018	2019	2020	2021	2022	Gj.	Gj. Å/D
HVL	17	12	30	23	29	22	6,5
HINN	18	10	25	21	17	18	5,6
VID	6	3	7	6	10	6	6,9
HVO	5	4	2	5	5	4	6,4
HiM	2	4	5	2	5	4	7,1
HiØ	6	1	5	3	2	3	9,0

Tabell 6: Disputasar etter arbeidsgivar i perioden 2018 til 2022 for samanliknbare høgskular. Kolonnen til høgre viser forholdet mellom gjennomsnittet på årsverk og disputasar. Kjelde: DBH.



Kristine Vaadal
Disputas: 11.03.2022
Avhandling: "New Femininities", Alcohol Consumption and Life beyond Young Womanhood. Negotiating Gender, Class and Ageappropriate Identities through Alcohol Consumption.



Bjørn Kjetil Larsen
Disputas: 08.04.2022
Avhandling: Exploring Interprofessional Collaboration in the Field of Criminal Justice in Norway - A Mixed Methods Study of Prisoners' Reintegration after Prison.



Anita Dyb Linge
Disputas: 03.06.2022
Avhandling: Self-Efficacy and Work-Related Factors Associated With Return to Work in a Vocational Rehabilitation Programme With a Lifestyle Focus - A Prospective Observational Study.



Nanna Natalia Jørgensen
Disputas: 26.08.2022
Avhandling: The Therapeutic Mobilities of Pilgrimage Walking: A Study of the Health Impacts of Walking the Norwegian St. Olav Way.

Figur 3: Fire stipendiatar disputerte på samarbeidsgraden med Høgskolen i Molde i 2022. Utdrag frå nettsida til HVO.

⁸ <https://www.hivolda.no/phd/doktorgrad-volda/doktorgradsprosjekt-ved-hvo>



Synnøve Hedemann Amdam
Disputas: 09.09.2022 (UiO)
 Avhandling: *Media teachers' discursive understandings in developing 21st century education: Are we the tugboat, the satellite, or the terror cell?*

Figur 4: Stipendiat ved HVO som disputerte på doktorgradsprogram ved annan institusjon. Utdrag frå nettsida til HVO.

Ved HVO var 80 prosent av doktorgradane i 2022 avlagt av kvinner mot litt over 50 prosent nasjonalt. Sidan tala gjeld få kandidatar har små endringar stor betydning, så prosentdelen varierer frå år til år. Frå 2018 til 2022 avla kvinner 65 prosent av doktorgradene ved HVO.

Dei ti siste åra har mellom 14 og 40 årsverk vore utført av stipendiatar ved HVO med eit snitt på 22 årsverk pr. år. Vi forventar difor ein auke i tal disputasar framover. Hittil i 2023 har det vore fire disputasar der HVO har vore arbeidsgivar under doktorgradsarbeidet, og ein av dei har vore på vårt eige doktorgradsprogram.

3.4. Doktorgradsprogrammet i helse- og sosialfag

Høgskulen i Volda samarbeider med Høgskolen i Molde om eit doktorgradsprogram i helse- og sosialfag: *Profesjonsutøving – vilkår og utvikling*. Dei første stipendiatane på programmet ved HVO starta opp hausten 2015. Ved utgangen av 2022 hadde Høgskulen i Volda 18 stipendiatar på programmet. Seks HVO-stipendiatar har disputert på programmet hittil – ein i 2021, fire i 2022 og ein så langt i 2023 (**Tabell 8**).

Styringsparameteren for gjennomføring av doktorgradsutdanning er prosentdelen av eit gitt årskull som har disputert innan seks år etter oppstart (TR 2023: 61). Rapporteringa for 2022 gjeld for kullet som starta på doktorgradsutdanninga i 2016.

Oppstart ph.d.	2015	2016	2017	2018	2019
År sidan start	7	6	5	4	3
Stipendiatar	3	2	2	4	1
Disputasar	1	1	1	1	1
Avbrutt	1	1	1	0	0
I arbeid	1	0	0	3	0
Disputert hittil	33 %	50 %	50 %	25 %	100 %

Tabell 8: Gjennomføringsgrad for HVO-stipendiatane i doktorgradsprogrammet saman med HiM. Nasjonal styringsparameter er prosentdelen som starta i 2016. Kjelde: DBH og intern dokumentasjon.

Stipendiatane på doktorgradsprogrammet i helse- og sosialfag har ei eiga gruppe, *Metodeforum*, som har både faglege og sosiale aktivitetar. Metodeforum vart leia av førsteamanuensis Erlend Vik (HiM) i 2022. Professor Kjartan Leer-Salvesen, førsteamanuensis Silje Louise Dahl og stipendiat May Catherin Ulstein deltok i

planleggingsgruppa frå HVO. I regi av Metodeforum har det blitt arrangert to fysiske samlingar med miniforedrag, gruppe- og plenumsdiskusjonar, midtvegsvurderingar og sluttlesingar. Metodeforum har fått 250 000 kroner i satsingsmidlar årleg dei siste åra.

3.5. Gjennomføringsgrad i forskarutdanninga

Gjennomføringsgraden i forskarutdanninga er ein av styringsparametrane til KD. Ei doktorgradsutdanning er normert til tre år og har normalt eitt årsverk med pliktarbeid i tillegg. Gjennomføringsgraden for ph.d.-kandidatar vert målt ved å sjå på delen ph.d.-kandidatar som har fullført seks år etter opptak på ph.d.-program. Ved HVO er det også fleire stipendiatar som er inne i eit femårig internt løp. Styringsparameteren for gjennomføring tar dermed eit visst omsyn til lengre opphald i forskarutdanninga av ulike årsaker (TR 2023: 61).

Resultata til HVO for gjennomføring av doktorgraden innan 6 år og totalt for kulla 2011–2016 er framstilt i **Tabell 9**. Av dei seks stipendiatane som starta på doktorgradsutdanninga ved HVO i 2016 hadde ein disputert innan utgangen av 2022. Det vil seie at 17 prosent av stipendiatane som starta i 2016 disputerte innan seks år (sjå **Tabell 9**). Nasjonalt gjennomførte 67 prosent av stipendiatane som starta på doktorgradsutdanninga i 2016 innan seks år (TR 2023: 61). Hittil har 50 prosent av dei 26 stipendiatane som starta på doktorgraden i perioden 2011 til 2016 fullført. Femten doktorgradskandidatar som starta i perioden 2011 til 2016 har enno ikkje disputert; sju av dei jobbar i dag andre plassar. Fire stipendiatar har avslutta doktorgradsprojekta sine utan å levere avhandlinga.

Oppstart ph.d.-program	2011	2012	2013	2014	2015	2016	Samla
År sidan start	11	10	9	8	7	6	26
Stipendiatar	3	1	4	8	4	6	26
Disputasar før 6 år	1	0	0	4	1	1	7
Disputert før 6 år i %	33 %	0 %	0 %	50 %	25 %	17 %	27 %
Disputert hittil i 2023	2	1	1	4	3	2	13
Disputert hittil i 2023 %	67 %	100 %	25 %	50 %	75 %	33 %	50 %
Doktorgradsprosjekt i drift	1	0	2	4	1	3	11
Avbrote	-	-	1	-	-	1	2
Tilsette i 5-årige ph.d.	0	1	4	0	3	0	8
Disputasar hittil i 2023	0	1	2	0	2	0	5
Disputert i 5-årig ph.d. %	-	100 %	50 %	-	67 %	-	63 %
Doktorgradsprosjekt i drift	-	-	2	-	0	-	2
Avbrote	-	-	-	-	1	-	1
Kandidatar totalt	34	Avbrote i alt	4	Disputasar totalt			18
Gjennomføring hittil i 2023 for doktorandar som starta i 2011-16							50 %

Tala før 2014 kan vere usikre.

Tabell 9: Gjennomføringa av doktorgradskandidatar ved HVO for årskulla med oppstarta mellom 2011 og 2016. Årskullet frå 2016 har hatt seks år på gjennomføring i 2022. Kjelde: Intern dokumentasjon.

3.6. Avhandlingsforum

Avhandlingsforum vart oppretta for å følgje opp stipendiatane og styrke gjennomføringsgraden for alle som arbeidar med doktorgradsprosjekt ved HVO. I 2022 hadde Avhandlingsforum fire møter i semesteret. Eitt av møta var i samarbeid med Forskingsdagane, der presentasjonar frå stipendiatane vart tatt inn i programmet og gjort kjent gjennom kanalane til

Forskingdagane. Dei ordinære møta veksla mellom framlegging av prosjekt og særlege tema, som t.d. tidsbruk, arbeid med kapp og førebuing til disputas. I 2022 disputerte fleire av stipendiatane, og dei deler ofte sine erfaringar i forumet. I tillegg til ordinære møte på høgskulen, hadde avhandlingsforum også ei lunsj til lunsj-samling, som hadde kappeskriving som tema. Pernille Fiskerstrand og Jan Inge Sørbø innleidde, deretter brukte stipendiatane perspektiv frå innleiingane på sitt eige prosjekt. Forumet vart leia av professor Jan Inge Sørbø, i samarbeid med stipendiatforeininga. Avhandlingsforum vert drifta ved at leiar får dekt 10 prosent av arbeidstida. Leiar for Stipendiatforeininga i 2022 var Kim André Stavenæs Refvik.

3.7. Forskarskular

Høgskulen i Volda er medlem av regionale og nasjonale forskarskular på relevante fagområde for å støtte den faglege utviklinga til stipendiatane og 50/50-kandidatane våre.⁹

I 2022 var HVO med i desse forskarskulane:

- Western Norway Graduate School of Education II (WNGER II)
- Profesjonsretta og praksisnær forskning på område helse, velferd og utdanning (PROFRES)
- Norwegian Graduate School in Mathematics and Science Education (MaScE)
- Den nasjonale forskerskolen i historie (The Norwegian Research School in History, NRSH)
- Religion - Values - Society (RVS)
- Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies

PROFRES og MaScE starta opp i 2022 med støtte frå Forskingrådet. For fleire av dei andre forskarskulane må HVO betale for å delta. Deltakinga i forskarskulane frå stipendiatane ved HVO varierer.

3.8. Ressursar til stipendiatar

Alle stipendiatar og 50/50-kandidatar får kr. 150 000 i driftsmidlar i løpet av doktorgradsperioden. I tillegg kan dei søke om støtte til utanlandsopphald. Stipendiatane har samlokaliserte kontorplassar på Lettbygget. Forskingsadministrasjonen gjennomførte eit oppstartsseminar for nye ph.d.-kandidatar i 2022.

⁹ Sjå <https://www.hivolda.no/phd/forskarskular-og-forskarkurs>


4. Publisering og formidling

Forskning og utviklingsarbeid (FoU) på høgt internasjonalt nivå er ei av hovudoppgåvene i samfunnsoppdraget til Høgskulen i Volda, og ein prosentdel av arbeidstida til dei vitenskaplege tilsette er sett av til FoU. Vitenskapleg publisering av forskingsresultat er viktig for å bidra med kunnskapsutvikling – til fagfellar, profesjonane og ålmenta. Vitenskapleg publisering er også naudsynt for HVO i samband med akkreditering av studieporteføljen og kompetansebygging for dei tilsette.

Formidling er også ein del av samfunnsoppdraget vårt ettersom vi også skal formidle kunnskap og utbreie forståing for bruk av vitenskaplege og kunstnariske metodar og resultat. Formidlinga skjer gjennom til dømes populærvitenskaplege publikasjonar, leksikon-artiklar, foredrag og kronikkar med profesjonsutøvarar og ålmenta som målgruppe.

4.1. Vitenskapleg publisering

Vitenskaplege publiseringspoeng er eit måltal for volumet og kvaliteten på forskinga. Dei vitenskaplege publiseringspoenga pr. UFF-årsverk er difor ein av dei nasjonale styringsparametrane til KD. Publiseringspoenga for kvar publikasjon vert rekna ut ved å multiplisere forfattarandelar med poeng vekta etter publikasjonsform og kvalitetsnivå (sjå kapittel 4.2 nedanfor). Faktorane som påverkar publiseringssindikatoren er dei samla publiseringspoenga for institusjonen dividert på summen av årsverk i UFF-stillingar for det enkelte år (**Figur 6**). I 2015 vart det innført ein ny modell for berekning av publiseringspoenga (sjå kapittel 4.2 nedanfor), så summene før og etter 2015 er ikkje direkte samanliknbare.



Figur 6: Faktorar som påverkar publiseringssindikatoren for HVO i eit tiårs perspektiv: Poeng totalt dividert med UFF-årsverk totalt gir publiseringspoeng pr. UFF (her multiplisert med 100 for visualisering). Kjelde: DBH.


Dei vitenskaplege publiseringspoenga er grunnlag for ei resultatbasert omfordeling innanfor UH-sektoren. I 2022 fekk HVO ei utteljing på 3,8 millionar kroner basert på publiseringspoenga for 2020. Den resultatbaserte ordninga for publiseringspoeng er foreslått avvikla frå og med 2025 ([Meld. St. 14: 2023](#)).

HVO har i snitt hatt rundt 110 publiseringspoeng i året dei siste ti åra, medan talet på UFF-årsverk i perioden har auka med meir enn 60 årsverk. Snittet for publiseringspoeng pr. UFF-årsverk i perioden er 0,5. UH-sektoren samla hadde for første gong ein nedgang i talet på publiseringspoeng i 2022, og pandemien er truleg hovudårsaka (TR 2023: 64). Som ein av få institusjonar hadde HVO ein liten auke i samla publiseringspoeng frå 110 i 2021 til 111 i 2022 ([TR 2023: V3.16](#)). HVO hadde likevel ei negativ utvikling i publiseringspoeng pr. UFF-årsverk frå 0,45 i 2021 til 0,43 i 2022 ([TR 2023: V3.15](#)), sidan talet på tilsette i UFF-stillingar har auka. Publiseringar på nivå 2 hadde ein nedgang frå 20,3 prosent i 2021 til 7,1 prosent i 2022 ([TR 2023: V3.17](#)). Dette er ein nedgang på 13,2 prosentpoeng.

Tilsette i førstestillingar (førstelektorar, førsteamanuensar, forskarar, dosentar og professorar) ved HVO produserte i snitt 0,67 publiseringspoeng pr. årsverk i 2022. Stipendiatane produserte i snitt 0,23 publiseringspoeng pr. årsverk i 2022 mot 0,58 i 2021. Det låge snittet på publiseringspoeng for stipendiatane kan ha samanheng med at kring halvparten av dei er i starten av forskarutdanninga (sjå **Tabell 2** over), medan publikasjonane helst kjem mot slutten av stipendiatperioden. Somme stipendiatar skriv dessutan ei avhandling i staden for artiklar med kappe. Dei tilsette som tar forskarutdanning i 50/50-ordninga produserte heile 1,22 poeng pr. årsverk i 2022. Høgskulelektorane produserte i snitt 0,13 publiseringspoeng pr. årsverk i 2022, og det er ein liten oppgang frå 0,09 poeng i 2021. Pensjonistar sto for 17,1 publiseringspoeng, som vil seie 15 prosent av totalen. Éin publikasjon kom frå ein administrativt tilsett. Dei ulike stillingskategoriane kan ikkje samanliknast ettersom dei ulike stillingane medfører ulik FoU-tid.


Analyse

Figur 7 framstiller gjennomsnittet av publiseringspoeng pr. UFF-årsverk på avdelingsnivå for perioden 2013 til



Figur 7: Gjennomsnitt publiseringspoeng pr. UFF-årsverk for 2013 til 2022. Kjelde: DBH.


2022. **Figur 8** viser utviklinga i produksjonen av publiseringspoeng pr. UFF-årsverk på avdelingsnivå i same tiårs periode. Resultata varierer ein del frå år til år på alle avdelingane, men svingingane er mest merkbare for dei mindre avdelingane AMF og AKF. Det er positivt med ein auke i publiseringa ved AKF det siste året til 0,39 publiseringspoeng pr. UFF-årsverk, men dette er framleis under snittet ved HVO. AHL har også hatt ein auke det siste året til 0,49 publiseringspoeng pr. UFF-årsverk. Dette er over snittet ved HVO, men ligg under gjennomsnittet som er 0,58 poeng ved avdelinga i tiårs perioden. AMF ligg på same nivå i 2022 som i 2021 med 0,22 publiseringspoeng pr. UFF-årsverk, og dette er under snittet på 0,45 poeng for avdelinga i tiårs perioden. ASH har hatt ein markant nedgang frå 0,76 poeng i 2021 til 0,47 poeng i 2022. Dette er også under snittet på 0,54 poeng for avdelinga i tiårs perioden. Nynorsksenteret har hatt ein auke frå 0,04 publiseringspoeng pr. UFF-årsverk i 2021 til 0,19 publiseringspoeng i 2022. På den positive sida var det tretten tilsette som publiserte vitenskapleg for første gong i 2022. Haustsemesteret 2022 arrangerte Forskingsadministrasjonen skrivkurs med høgskulelektorar som målgruppe.



Figur 8: Publiseringspoeng pr. UFF-årsverk ved avdelingane, 2013-2022.

Vurdering

Den resultatbaserte utteljinga for publiseringspoeng har over tid vist seg å vere eit effektivt insentiv for dei fleste universitet og høgskular. **Figur 9** viser at samanliknbare høgskular har auka publiseringspoenga pr. UFF-årsverk,



Figur 9: Publiseringspoeng pr. UFF-årsverk ved HVO og samanliknbare høgskular i perioden 2013-2022. Kjelde: [TR 2023: V3.15](#).

og dei hadde i gjennomsnitt 0,75 publiseringspoeng pr. UFF-årsverk i 2022 mot 0,43 ved HVO. For HVO var det venta ein nedgang i publiseringspoeng frå rekordåret 2020, og koronapandemien har sannsynlegvis gitt færre publikasjonar dei siste to åra.

Kompetanseprofilen til dei tilsette ved HVO med mange høgskulelektorar (sjå Kapittel 6.1), gjer at HVO har færre tilsette med forskingserfaring og fleire tilsette med lite FoU-tid i stillinga. Dette påverkar også publiseringsindikatoren.

HVO har ein vedvarande utfordring med at relativt få av dei tilsette publiserer regelmessig. Dette har truleg samanheng med kompetanseprofilen med den lågaste delen førstestillingar blant dei statlege institusjonane (TR 2023: 85). Kompetansebygging mot og rekruttering av tilsette i førstestillingar vil vere avgjerande for publiseringa framover. Heile tretten tilsette publiserte vitenskapleg for første gong i 2022, og det lover godt for framtida. HVO må likevel vurdere kva insentiv vi skal ha for å auke publiseringa.

4.2. Publisering i tidsskrift, antologiar og bøker

Dei fagtilsette ved Høgskulen i Volda publiserer i eit vidt spekter av vitenskaplege kanalar. Publikasjonar i kategoriane vitenskaplege monografiar (bøker), antologiar (bokkapittel) og tidsskriftartiklar (i periodika) vert inkluderte i publiseringsdatabasen *Norsk vitenskapsindeks* (NVI) og gir utteljing i KDs resultatbaserte omfordelingsmodell. Dei ulike publikasjonane får utteljing etter kvalitetsnivået på publiseringskanalen og forma på publikasjonane (sjå vektning i **Tabell 10**).

Kategori	Nivå 1	Nivå 2
Monografi	5	8
Artikkel i tidsskrift og serier	1	3
Artikkel i antologi	0,7	1

Tabell 10: Publiseringspoeng etter vektning av publikasjonsform og kvalitetsnivå.

Publikasjonsformene er rangert etter estimert arbeidsmengde. Ein monografi svarer til tre til fem artiklar i vitenskaplege tidsskrift, og eit kapittel i ein

antologi omfattar ofte mindre arbeid enn ein artikkel i eit vitenskapleg tidsskrift.¹⁰ I tillegg har sampublisering med fagfellar utanfor eigen institusjon vorte premierte sidan 2015. Dette vert rekna ut ved at ein får kvadratrotta av institusjonens forfatarbidrag delt på det totale talet på forfatarbidrag før ein multipliserer med poeng for nivå og publikasjonsform. Internasjonalt samforfattarskap vert premierte ytterlegare ved at institusjonens poeng framkome ved utrekninga for sampublisering vert multiplisert med ein faktor på 1,3. HK-dir fører liste over godkjente vitenskaplege publikasjonskanalar – både tidsskrift og forlag.¹¹ Det er opp til forskarane å passe på at kanalane dei vel å publisere i er godkjende.¹²

Publiseringsskanalane er vidare delt inn i to ulike nivå for å skape eit insentiv til å publisere i dei mest prestisjefylte kanalane innanfor dei ulike fagområda (TR 2023: 66). Den resultatbaserte modellen gir difor størst utteljing for publikasjonar på nivå 2 (sjå **Tabell 10**). Publiseringsskanalane på nivå 2 skal utgjere dei mest framifrå publikasjonane internasjonalt. Ramma for publiseringsskanalar på nivå 2 vert avgrensa til 20 prosent av dei vitenskaplege publikasjonane innanfor faget. Det er Universitet- og høgskulerådet (UHR) sine fagorgan som årleg vurderer nivåinndelinga av publiseringsskanalar for sine fagfelt, og fastsettinga av nivå vert vedtatt av UHRs nasjonale publiseringsutval.¹³

Analyse

Figur 10 syner publiseringspoeng pr. UFF-årsverk ved HVO saman med korleis dei vitenskaplege publiseringane fordeler seg i forhold til kvalitetsnivå på


publiseringsskanalane og forma på publikasjonen. I perioden frå 2013 til 2022 har publikasjonar på nivå 2 ved HVO variert årleg mellom 22,3 prosent som det høgaste i 2016 og 7,1 prosent som det lågaste i 2022. HVO hadde ein nedgang i talet publiseringspoeng på nivå 2 frå 20,3 prosent i 2021 til 7,1 prosent i 2022. Nedgangen har truleg samanheng med den store auken i publiseringspoeng frå antologiar. Ikkje sidan 2014 har det på HVO kome fleire publiseringspoeng frå antologiar enn frå tidsskriftartiklar. Få tilsette skriv monografiar, og det var også ein nedgang i publiseringspoeng frå monografiar frå 2021 til 2022.

Vurdering

I kontrast til tilrådingane i førre forskingsmelding om å publisere meir i tidsskrift vart det ein auke på 25 prosentpoeng i antologiar i 2022. Artiklar i tidsskrift bør vere førsteval sidan publikasjonar i vitenskaplege tidsskrift gir betre utteljing – både for institusjonen i form av resultatbasert finansiering og for den enkelte fagtilsette i form av kompetansebygging. Publisering av antologikapittel kan vere eit tiltak for dei som manglar forskingserfaring og som treng å kome i gang med vitenskapleg publisering. Dette gjeld sjølv om høgskulen signerte DORA-erklæringa i 2020. Med det nye verktøyet NOR-CAM for å vurdere vitenskaplege karrierar, er det mogleg at fleire kategoriar av resultat vert teljande.¹⁴

4.3. Internasjonal publisering

Målet i UH-lova er at norsk forskning skal ha høgt internasjonalt nivå. Endringa av modellen for utrekning av publiseringspoeng i 2015 premierer internasjonalt



Figur 10: Publiseringspoeng pr. fagleg årsverk (stolpar), publiseringssform (linjer) og kvalitetsnivå (stipla linjer) ved HVO i perioden 2012-2021. Kjelder: DBH og Cristin.

¹⁰ Sjå *Vekt på forskning* 2004: 52:

https://npi.nsd.no/dok/Vekt_pa_forskning_2004.pdf

¹¹ Sjå <https://kanalregister.hkdir.no/publiseringsskanalar/Forside>

¹² Sjå <https://kanalregister.hkdir.no>

¹³ Sjå <https://npi.nsd.no/informasjon>


¹⁴ Sjå <https://www.uhr.no/en/news-from-uhr/nor-cam-a-toolbox-for-recognition-and-rewards-in-academic-careers.5780.aspx>

samforfattarskap med 30 prosent (sjå kapittel 4.2 ovanfor). Samforfattarskap med utanlandske fagfellar og fleire vitenskaplege tekstar på engelsk har difor vorte vanlegare. I 2022 var 5,1 prosent av tidsskriftartiklane ved HVO skrivne saman med internasjonale samarbeidspartnarar. Dette var ein nedgang frå 13,4 prosent i 2021. Gjennomsnittet i UH-sektoren var 59 prosent av publiseringspoenga frå publikasjonar med internasjonalt samforfattarskap i 2022 ([TR 2022: V3.20](#)), medan det var 48 prosent for samanliknbare høgskular.

Analyse

Stolpane i **Figur 11** viser at det har vore ein auke i talet på publikasjonar skrivne på engelsk ved Høgskulen i Volda i løpet av dei siste åra med ein førebels topp i 2022. Linjene i **Figur 11** viser det prosentvise talet på publiseringspoeng frå tidsskriftartiklar med internasjonalt samforfattarskap samanlikna med andre høgskular. HVO har ein topp i 2019, då 17 prosent av artiklane hadde internasjonalt samforfattarskap. Nedgangen i internasjonalt samforfattarskap ved HVO frå 2020 kan ha samband med pandemien, men nedgangen er ikkje like tydeleg for samanliknbare høgskular (sjå **Figur 11**).

I heile perioden 2013 til 2022 har samanliknbare høgskular ein høgare prosent publiseringspoeng frå artiklar med internasjonalt samforfattarskap.



Figur 11: Tal publikasjonar på engelsk ved HVO (stolpar) og publiseringspoeng frå artiklar med internasjonalt samforfattarskap ved samanliknbare høgskular (linjer). Kjelde: Cristin.

Vurdering


Den låge prosentdelen internasjonalt samforfattarskap ved HVO gjer at vi får dårlegare uttelling for dei vitenskaplege publikasjonane våre samanlikna med andre institusjonar, sidan internasjonal sampublisering vert premierte ekstra. Samstundes reflekterer få sampublikasjonar at HVO i liten grad har eksternt finansierte forskingsprosjekt der internasjonale samarbeidspartnarar ofte er ein føresetnad. Den nye ordninga med støtte til lengre utanlandsopphald for vitenskapleg tilsette ved HVO legg til rette for internasjonalisering i forskinga. Vi må også ta med oss erfaringane frå digitale møte under pandemien og nytte dette til kontakt med internasjonale samarbeidspartnarar.

4.4. Formidling og interne publiseringspoeng

Sidan 2001 har Høgskulen i Volda hatt eit internt system for registrering og poenggiving av FoU-arbeid. Dei interne poenga premierer FoU-arbeid som ikkje får uttelling i det nasjonale systemet for vitenskapleg publisering. Dei interne poenga kan vere for publikasjonar som lærebøker, artiklar i allmenne tidsskrift, forskingsrapportar, foredrag, bidrag i media og kunstnariske presentasjonar og produksjonar. Dei tilsette registrerer bidraga sine i Cristin, og forskingsadministrasjonen klassifiserer bidraga etter eit detaljert poengsystem. Dei interne FoU-poenga vart evaluert av Forskingstutvalet i 2022 ([sak 3/22](#)), og Forskingstutvalet vurderte at ordninga skulle halde fram i same form.

Analyse

Figur 12 syner at det samla talet på interne poeng har vore nokså stabilt dei siste åra – med unntak av 2020 då det var klart lågare produksjon. Den store nedgangen i 2020 kan skuldast mange avlyste foredrag som følgje av koronapandemien. Dei interne FoU-poenga er i 2021 og 2022 omtrent tilbake på nivået før pandemien. Vedlegg 1 viser kva FoU-resultat dei interne poenga inkluderer for 2022 på avdelingsnivå.



Figur 12: HVOs interne publiseringspoeng – totalt (stolpe) og pr. UFF-årsverk (linje), i perioden 2013-2022. Kjelde: Cristin.

Vurdering

Dei interne FoU-poenga er eit insentivsystem som premierer andre FoU-aktivitetar enn dei som er meritterande for opprykk, akkreditering av studium og eksterne søknader.

Med etableringa av Norsk vitenarkiv, innarbeiding av NOR-CAM for vurderinga av akademisk karrierar og fjerning av resultatbasert omfordeling for vitenskaplege publikasjonar bør HVO igjen vurdere kva insentivordningar vi skal ha for å stimulere forskning og formidling.


5. Bidrags- og oppdragsfinansiert forskning

Kunnskapsdepartementet ser omfanget av bidrags- og oppdragsinntekter (BOA) som ein peikepinn på samspelet mellom institusjonane og verda omkring. Gjennomslag på konkurransearenaer for forskning vert rekna som ein indikator for kvalitet, og midlane frå Forskringsrådet utgjer eit viktig bidrag til finansieringa av forskinga i UH-sektoren (TR 2023: 72). Både bidragsinntekter frå Forskringsrådet og verdien av Horisont 2020-kontraktar pr. UFF-årsverk er nasjonale styringsparametrar.

5.1 Noregs forskingsråd

Noregs forskingsråd (NFR) er den største eksterne kjelda til finansiering av forskning i Noreg. I 2022 fekk UH-sektoren 4,3 milliardar kroner frå NFR, og størsteparten gjekk til institusjonar med fagområde som tradisjonelt er forskningstunge og som har tilsette med høg forskarkompetanse (TR 2023: 72). Høgskulen i Volda fekk 5 millionar kroner frå NFR i 2022, som var ein auke på meir enn 1,2 millionar kroner frå 2021. Det vil seie at HVO fekk 1,2 promille av tildelingane frå NFR. Dette utgjorde ein markant auke i NFR-inntekter pr. UFF-årsverk frå 2021 til 2022 – frå 11 400 til 19 500 kroner. I 2022 var gjennomsnittet for alle dei statlege institusjonane 178 300 kroner pr. UFF-årsverk, medan det var 29 900 kroner for samanliknbare høgskular.

Figur 13 syner omfanget av eksterne FoU-inntekter frå NFR, EU og regionale forskingsfond ved HVO i åra 2013 til 2022.



Figur 13: Utviklinga i eksterne inntekter til forskning ved HVO frå 2013 til 2022. Kjelde: DBH.

Inntektene frå NFR i 2022 var høgare enn ambisjonen vår og auka var på heile 71 prosent (TR 2023: V3.23). Dei prosjekta som ga størst inntekt frå NFR i 2022 var forskingsprosjektet DigiHand (AHL) etterfulgt av støtteaktiviteten *Kvinneløftet* (FADM) og forskarprosjekta *Smartplan* (ASH), *Faithed* (AHL og AMF), *Manreport* (ASH) og *Algae to future* (AMF) (Tabell 11).

I 2022 fekk HVO ei utteljing på 3 millionar kroner basert på inntektene frå NFR, RFF og EU i 2020. Også den resultatbaserte ordninga for BOA-inntekter er foreslått avvika frå og med 2025 (Meld. St. 14: 2023).

NFR-prosjekt	Ansvarleg HVO	Inntekt i kr.
DigiHand	Wenche Mork Rogne	1 415 700
Kvinneløftet	Henriette Hafsaas	695 450
Smart Plan	Bjarte Folkestad	531 300
Faithed	Hildegunn Valen Kleive/Lars Julius Halvorsen	530 900
Manreport	Kjartan Leer-Salvesen	520 800
Algae to future	Kristian Fuglseth	451 800
PES Horisont Europa	Henriette Hafsaas	176 600
Global Sustainability	Knut-Willy Sæther	100 100
Read to me	Anne Marta Vadstein/Liv Kristin B. Øvereng	89 100
AIAfL	Siv Måseidvåg Gamlem	75 800
Hav, mat og ungdom	Erik Fooladi	18 700

Tabell 11: Oversikt over NFR-finansierte prosjekt ved HVO med prosjektleiar/ansvarleg ved HVO og inntekt i 2022. Data frå økonomikontoret og arkivsystemet.

Til søknadsfristane i Forskringsrådet i februar 2022 sendte HVO seks søknader som prosjektleigar (Figur 14). Søknadene fordelte seg jamt på samarbeidsprosjekt og forskarprosjekt. Tre av søknadene var forbetra søknader frå 2021. Om hausten vart det sendt ein søknad om samarbeidsprosjekt for å styrke forskning og forskarrekuttering i musea. I tillegg vart det sendt ein ERC starting grant-søknad til EU. Det er positivt at fem av sju prosjektleiarane på søknadene i 2023 var kvinner. Diverre fekk ingen av søknadene tilslag, men fleire av dei vil verte forbetra og sendt inn igjen. I tillegg var tilsette frå HVO samarbeidspartnarar på fleire søknader.



Figur 14: Prosjektleiarar på Forskringsrådssøknader frå HVO i 2022. Foto: Per Straume.

Analyse

Høgskulen i Volda har dei nest lågaste inntektene frå Forskringsrådet blant samanliknbare høgskular i 2022, og vi ligg framleis lågast mellom dei statlege institusjonane når det gjeld løyvingar pr. UFF-årsverk (TR 2023: V3.23). Vi har dei siste åra jobba for å auke søknadskompetansen og -kvaliteten ved HVO.

Vurdering

Det er positivt at HVO fekk auka inntekter frå Forskringsrådet i 2022, men fleire av dei mest inntektsbringande prosjekta vart avslutta i 2022. HVO har potensial for å få tilslag på fleire prosjekt, men då må vi bygge solide forskingsmiljø og prioritere tid og ressursar til arbeid med søknader.

5.2 EU-midlar

Høgskulen i Volda har enno ikkje hatt noko resultat på styringsparameteren «Verdien av Horisont 2020-kontraktar», men vi har fått andre forskingsmidlar frå

EU (sjå **Diagram 7** ovanfor). I åra 2013 til 2017 deltok HVO i eit EU-finansiert forskingsprosjekt¹⁵. I 2022 hadde ASH to prosjekt finansiert av Erasmus+, EASIP COMP og SMART-Y. HVO vil satse sterkare mot Horisont Europa som vart lansert i 2021, og Forskingsadministrasjonen hadde prosjektetableringsmidlar frå Forskingsrådet til dette i 2022 (sjå **Tabell**). Forskingsrådet har gitt tilslag på søknad frå HVO om kr. 500 000 i ny prosjektetableringsstøtte retta mot Horisont Europa i 2023 og 2024.


¹⁵ Sjå <https://www.hivolda.no/forsking-og-utvikling/europeiske-forskingsmidlar-til-topprangert-prosjekt>

6. Kompetanseprofil

Dei tilsette er den viktigaste ressursen til Høgskulen i Volda, og vi må jobbe for å behalde, utvikle og rekruttere fagkompetanse for å ha høg kvalitet i forskning og undervisning. Føremålet med denne gjennomgangen er å gjere greie for status når det gjeld kompetanseprofilen på organisasjonen gjennom dei tilsette sin faglege kompetanse, kjønns- og alderssammansetning.

6.1 Fagleg kompetanse


Høgskulen hadde total 256 årsverk i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar pr. 1. oktober 2022 (DBH) mot 245 årsverk året før. Dette er ein auke på 11 årsverk. **Figur 15** viser utviklinga innanfor dei vitenskaplege stillingane ved HVO dei siste ti åra.



Figur 15: Utviklinga i tal årsverk i undervisnings- og forskarstillingar ved HVO i perioden 2013 til 2022 (DBH).

Førstestillingar krev doktorgrad eller tilsvarande, og aktuelle stillingskategoriar for HVO er førsteamanuensis, førstelektor, forskar, dosent, professor og professor II. KD ser på prosentdelen førstestillingar som ein indikasjon på kompetanseprofilen til dei tilsette ved ein institusjon (TR 2023: 85). I 2022 vart 49 prosent av dei faglege årsverka ved HVO utførte av tilsette i førstestillingar mot 53 prosent i 2021. I årsverk var nedgangen frå 115 til 106. Det er urovekkande at HVO går tilbake på denne styringsparameteren (TR 2023: V4.15), som var 46 prosent i 2013. I tiårs perioden har HVO berre auka med 3 prosentpoeng. Dei andre institusjonane fokuserer også på kompetansebygging, og ingen samanliknbare institusjonar hadde færre tilsette i førstestillingar enn HVO i 2022, og avstanden har auka (**Figur 16**). I heile UH-sektoren hadde 77 prosent førstestilling, og HVO kom dårlegast ut mellom dei statlege institusjonane (TR 2023: V4.15). Gjennomsnittet for dei samanliknbare høgskulane var 61 prosent i 2022.

I 2022 hadde 10,5 prosent av dei vitenskapleg tilsette ved HVO toppkompetanse mot 10,6 prosent i 2021. I heile UH-sektoren hadde 25 prosent toppkompetanse (TR 2023: V4.14).



Figur 16: Prosentdel årsverk i førstestillingar av vitenskaplege stillingar ved samanliknbare høgskular i 2022. (Kjelde: TR 2023: V4.15).

Analyse

Dei fagtilsette ved HVO fordeler seg hovudsakleg på to stillingskategoriar der høgskulelektorane hadde ein liten auke til 39 prosent i 2022 mot 38 prosent i 2021 og førsteamanuensane ein nedgang til 21 prosent i 2022 mot 24 prosent i 2021. Den største auka i utførte årsverk frå 2021 til 2022 var blant stipendiatane med 12 fleire årsverk og ein auke frå 12 til 16 prosent av dei vitenskapleg tilsette. I 2022 fekk heile åtte tilsette opprykk til toppkompetanse – seks førsteamanuensar fekk opprykk til professor og to førstelektorar fekk opprykk til dosent (sjå **Tabell 9**). Berre ein tilsett fekk opprykk til førsteamanuensis – det lågaste i perioden – og tre fekk opprykk til førstelektor (sjå **Tabell 9** og **10**). Til saman fekk 12 fagtilsette opprykk. Dei siste tre åra utmerkar seg med mange opprykk.

Opprykk	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Professor	2	2	2	3	1	6
Dosent	2	0	0	1	2	2
Førsteamanuensis	3	3	2	3	7	1
Førstelektor	2	3	2	5	5	3
Totalt	9	8	6	12	15	12

Tabell 12: Kompetanseopprykk blant tilsette ved HVO i perioden 2017 til 2022.

Vurdering

HVO har stått i eit generasjonsskifte når det gjeld tilsette i førstestillingar, og mange med første- og toppkompetanse har gått av med pensjon dei siste åra. Det er viktig at HVO rekrutterer inn førstekompetente og støttar tilsette som ikkje har førstekompetanse med å bygge naudsynt kompetanse. HVO har ulike ordningar for å støtte kompetanseheving i tillegg til den ordinære FoU-tida: FoU-stipend, professor-/dosentstipend og 50/50-ordninga for ph.d. for tilsette. HVO har mange tilsette i ph.d.-løp, men vi må også i større grad rekruttere fleire førstekompetente ved utlysing av stillingar. HVO som heilheit må jobbe med å utvikle kompetanseprofilen. Vi er på veg med dette arbeidet, og ny strategiplan krev handling.

I 2021 og 2022 har Forskingsadministrasjonen gjennom det eksternt finansierte NFR-prosjektet *Kvinneløftet* sett i gong ei mentorordning som støtte i opprykksprosessen og har arrangerte kurs for forskingsgruppeleiarane

hausten 2022. I 2022 vart det også arrangert eit førstelektorkvalifiseringsløp for høgskulelektorar.

6.2 Kjønnsfordeling

Det er eit nasjonalt mål å arbeide for kjønnsbalanse og likestilling i akademia. Indikatoren for kvinnedelen i faglege toppstillingar er ein nasjonal styringsparameter som skal stimulere til at sektoren jobbar for å betre kjønnsbalansen og likestillinga. Faglege toppstillingar inkluderer professorar og dosentar (TR 2022: 82). Kjønnspektivet vert også lagt til grunn i vurderingar av søknader om midlar frå Forskringsrådet. Frå 2022 krev både EU og Forskringsrådet ein likestillingsplan for å innvilge støtte til prosjekt. HVO får ny likestillings- og mangfaldsplan på plass 1. juni 2023 etter at den førre planen gjekk ut i 2020.

Ved dei statlege institusjonane utgjorde kvinner 36,1 prosent av dei tilsette i toppstillingar i 2022, som er opp 1,6 prosentpoeng frå 2021 (TR 2023: V4.23). HVO hadde den største auken mellom dei statlege med 35,4 prosent i 2022 mot 24,9 prosent i 2021 (TR 2023: V4.23). I årsverk hadde HVO 10 kvinner med toppkompetanse i 2022 (Figur 17).



Figur 17: Dei kvinnelege toppkompetente ved HVO i 2022. Ein professor var ikkje til stades på bildet. Foto: Per Straume.


Vurdering

HVO har gjort framskritt på styringsparameteren kvinnedel blant dei toppkompetente, men vi ligg framleis under gjennomsnittet i sektoren. Fram til HVO

har oppnådd betre kjønnsbalanse blant dei toppkompetente, er det naudsynt å prioritere kvinner som jobbar systematisk mot toppkompetanse ved tildeling av professor-/dosentstipend, FoU-stipend, forskingstid og andre støtteordningar.

6.3 Aldersfordeling

HVO har i fleire år hatt den største prosentdelen toppkompetente over 60 år, men dette har no snudd (TR 2022: V4.21 og TR 2023: V4.21). I 2022 var 30 prosent av professorane ved HVO over 60 år mot 67 prosent i 2018 (Figur 18). Dette er det lågaste nivået på lenge, og ein reduksjon frå 47 prosent i 2021.



Figur 18: Aldersfordeling på professorar ved HVO i prosent. Utvikling frå 2018 til 2022.

Gjennomsnittsalderen på dei vitenskapleg tilsette ved HVO har gått ned frå 51 år i 2015 til 47 år i 2022. Gjennomsnittet ved samanliknbare høgskular var 49 år.

Vurdering

Det er positivt at prosentdelen toppkompetente over 60 år ved HVO har vorte redusert dei siste åra, og særleg det siste året. Samansetninga av aldersgrupper er noko som går i naturlege bølger.

6.3 Kompetanseopptrykk i 2022

I mars 2022 vart det halde opptrykkmarkering for tilsette som hadde fått fagleg kompetanseopptrykk til

Namn	Avdeling	Ny stilling	Kommentar	Kvinneløftet
Ellen Lexerød Hovlid	AMF	Professor	Professor-/dosentstipend	Førehandsvurdering
Helga Synnevåg Løvoll	AKF	Professor	Professor-/dosentstipend	Mentorordning
Kari E. Bachmann	AHL	Professor	Tilsett	
Jørgen Lyngvær	AMF	Førstelektor		
Kari Ryslett	AHL	Førstelektor		
Wenke Mork Rogne	AHL	Professor	Professor-/dosentstipend	Mentorordning
Lars Julius Halvorsen	AMF/ASH	Dosent	Tilsett	Mentorordning
Gunhild Nordvik Reite	AHL	Førstelektor		
Ivar John Erdal	AMF	Professor	Professor-/dosentstipend	
Stig Helset	AHL	Professor	Professor-/dosentstipend	
Leif Bjørn Skorpen	AHL	Dosent		
Synnøve Hedeman Amdam	AHL	Førsteamanuensis	Ph.d.	

Tabell 13: Tilsette med fagleg opptrykk i 2022. Etter handsaming i TUFO. Sortert kronologisk etter vedtak.

førstelektor, førsteamanuensis, dosent eller professor i dei tre førre åra (**Tabell 13**). Ny opprykksmarkering vert truleg arrangert i byrjinga av 2024.

Vedlegg 1: Formidlingsresultat på avdelingsnivå 2022

Tal postar i kvar kategori i Cristin som ikkje tel i den vitskaplege rapporteringa. Dersom fleire tilsette er med på ein post, vert den telt fleire gongar. Samanstilt av Ida Haug Theodorsen basert på rapporteringa av interne FoU-poeng.

AHL

Tidsskrift - faglig artikkel: 8
Doktorgradsavhandling: 1
Fagbok: 1
Faglig foredrag: 82
Faglig kapittel, BOK: 18
Forord/innledning, BOK: 3
Intervju, mediebidrag: 51
Intervju, tidsskrift: 1
Kronikk: 13
Utstilling: 1
Utstilling, annen: 3
Produkt, Annet: 5
Leder, tidsskrift: 3
Leksikonartikkel: 45
Lærebok: 1
Masteroppgave: 1
Musikalsk framføring: 2
Oversettelse: 1
Populærvitenskapelig artikkel: 11
Populærvitenskapelig foredrag: 16
Populærvitenskapelig kapittel: 1
Foredrag, poster: 8
Programdeltakelse, mediebidrag: 1
Sammendrag, tidsskriftpub: 1
Scenekunst: 3
Antologi: 9
Vitenskapelig foredrag: 126
Monografi: 1

AKF

Fagbok: 1
Faglig foredrag: 15
Faglig kapittel, BOK: 1
Intervju, mediebidrag: 21
Produkt, Annet: 2
Leder, tidsskrift: 1
Leserinnlegg, tidsskrift: 1
Musikalsk framføring: 7
Komposisjon, musikk: 5
Rapport, notat: 2
Populærvitenskapelig foredrag: 1
Foredrag, poster: 1
Programdeltakelse, mediebidrag: 1
Scenekunst: 9
Antologi: 2
Vitenskapelig foredrag: 20

AMF

Tidsskrift - faglig artikkel: 2
 Tidsskrift - Anmeldelse: 1
 Fagbok: 2
 Faglig foredrag: 7
 Faglig kapittel, BOK: 3
 Kunstproduksjon, film: 2
 Intervju, mediebidrag: 16
 Kunstutstilling: 3
 Utstilling, annen: 2
 Produkt, Annet: 1
 Leder, tidsskrift: 2
 Leserinnlegg, tidsskrift: 1
 Masteroppgave: 1
 Populærvitenskapelig foredrag: 3
 Produkt, lyd: 11
 Produkt, multimedia: 21
 Programdeltakelse, mediebidrag: 4
 Rapport, rapport: 11
 Scenekunst:
 Antologi: 1
 Vitenskapelig foredrag: 21

ASH

Tidsskrift - Anmeldelse: 3
 Produkt, digitale læremidler: 2
 Tidsskrift - faglig artikkel: 1
 Doktorgradsavhandling: 3
 Fagbok: 2
 Faglig foredrag: 74
 Faglig kapittel, BOK: 2
 Forord/innledning, BOK:3
 Intervju, mediebidrag: 23
 Rapport, kompendium: 3
 Kronikk: 21
 Utstilling, museum: 1
 Produkt, multimedia: 1
 Leserinnlegg, tidsskrift: 2
 Lærebok: 6
 Populærvitenskapelig artikkel: 6
 Populærvitenskapelig foredrag: 18
 Populærvitenskapelig kapittel: 1
 Foredrag, poster: 3
 Programdeltakelse, mediebidrag: 3
 Rapport, rapport: 9
 Antologi: 7
 Vitenskapelig foredrag: 52

Vedlegg 2: Forskingsgrupper som fekk støtte i 2022

Oversyn over aktive forskingsgrupper finst på nettsidene:

<https://www.hivolda.no/forsking-og-utvikling-0/forskingsgrupper>

Animasjon før og no (AFON)
Barn, barndom og hverdagsliv
Barnevernsforskning
Berekraftdidaktikk
Cardiff University - ASH
Demokrati og medverknad
DigiHand
Future Skills Lab
Heim og utdanning
Idrett, kroppsøving og friluftsliv
Immersive Media and Multisensory Perception
Juss
Kultur og helse
Kulturmøte
Kunstnarisk utvikling
Litteratur
Litteraturredaktikk
Litteratur og musikk
Læringsprosesser og vurderingshandlingar
Matematikdidaktikk
Mediene og det internasjonale samfunn
Medier, profesjoner og samfunn
Medieutvikling
Medvit
Mikrohistorie
Natursyn, estetikk og etikk
NAV-gruppe
Nisjemedier
Norsk i grunnskulelærerutdanninga
Praktisk-pedagogisk utdanning (PPU)
Profesjonsforskning
Religion og livssyn
Samfunnsfagdidaktikk
Skapande læringsprosessar i musikk
Skriftkulturar
Spesialpedagogikk og inkludering
Språkleg og kulturelt mangfald
Tidleg litterasitet/literacy i barnehage og skule
Tverrprofesjonelt samarbeid



Koppene for første vitenskaplege publikasjon for dei som ikkje var til stades då bildet på framsida vart tatt. Frå venstre: Charlotte Louise Loxley Helleland, Madeleine Zetterlund Stenhammer, Haakon Hegsvold Sørlie, Bjørnar Sæterås, Iselin Vatnehol Waage, Arve Fiskerstrand og Lill Kristin Mork Bjørgen. Foto: Lene Mo Flataker.